

# ÅRSMELDING FOR KVITSEID FRIVILLIGSENTRAL 2025



**Styret:** Åsne Midtsund (styreleiar), Halvor Nyland (nestleiar), Kamilla Minde, Kirsten I. A. Eriksen, Camilla Aasheim, Asle Opsund.

**Tilsette:** Cecilie Austjore-Hosum har vore i jobben som dagleg leiar i 60% stilling heile året. Frå 01. januar – 31. juli var Randi Jopperud tilsett som Assisterande dagleg leiar i 40% stilling. Ho hadde også ansvar for å føre rekneskapen den tida. Frå 01. august overtok Revisorteam Tinn og Vest-Telemark AS ansvaret for rekneskapen, med Inger Noraberg som kontaktperson. Frå 01. september tiltredde Marianne Pollemans i ein 50% prosjektstilling som Prosjektkonsulent.



Cecilie og Randi



Marianne og Cecilie

**Medlem:** Frivilligsentralen har ved utgangen av 2025 14 medlem: NKS Vrådal, Kviteid IL, Kviteid Turlag, NKS Kviteid, Kviteid Pinsemenighet, Kulturhuset Sundvang, Kviteid kommune v/ Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Kviteid kommune v/ Idrettsrådet, Kviteid Næringslag, Morgedal idrettslag, Misjonshuset Kviteid Normisjon, Vrådal I.L., Vrådal og Fyresdal Målarklubb og Kviteid Sokn.

**Hovudfokus i 2025:** Samarbeid med kommunen om nytt sentrumsbibliotek, og innflytting i november. Overta rekneskapsjobben sjølv under vårhalvåret, og prosessen med å «gje det vidare» til eksternt rekneskapskontor hausthalvåret. Nye tilsette både i januar og september. Drift og koordinering av etablerte og nye arrangement/tilbod. ALLEMED-programmet. Arbeid med utlåssentralen og vegen vidare både for den og for bruktbutikken.

**Nokon oppsummerande ord:** Me kan vel oppsummere med å seie at det har skjedd mykje dette året også. Og at alt som er etablert og går sin gang er ein takknemleg stabilitet. Me er så takksame for alle trufaste frivillige som bidreg, eit engasjert og dyktig styre, og eit godt samarbeid med kommunen og andre lag og foreiningar.

Ny profil for frivilligsentralane:

Norges Frivilligsentraler (NFS) som er hovudorganisasjonen vår, har bestilt nytt profildesign frå designerfirmaet Folk. Logoen har fått rette linjer, og me har fått nye fargekoder for dei ulike hovudmålgruppene: oransje for oppvekst, lilla for folkehelse, og gul for inkludering og mangfald. Grøn fortsett som hovudfargen vår.



Frivilligsentralen sine lokale:

Det gjekk mot ein avslutning for frivilligsentralen på Næringshagen, til fordel for å «bli med på lasset» til nytt sentrumsbibliotek. Me har hatt det veldig bra på Næringshagen, med både lokale og folka der. På NH har me hatt kontorplass og moglegheit til å nytte møteromma og kantina til arrangement. Auditoriet til NC Spectrum har me fått låne gratis til bygdekinoen kvar månad. Sistnemnde får me

framleis gjere sjølv om me har flytta. Elles nyttar me andre lokaler i kommunen til dei ulike arrangementa, særskild Kviteseidhallen og Sundvang. I november flytta me ned til sentrum, og her har me eige kontor inne på biblioteket, og moglegheit til å nytte møterom og hovedlokalet til arrangement. I eine møterommet er me i prosessen med å etablere ein skaperverkstad der folk kan utfolde seg kreativt, både med og utan diverse maskiner me har handla inn: symaskin, overlock, vinylkutter og 3D-printer. Perler og lufttørkande leire har me også handla inn til barn og ungdom. Ein stor takk til Sparebankstiftelsen Sparebanken Sør (Norge) som heier på oss og har gitt så mykje midler til prosjekt «Opne møteplassar for alle!». Det har verkeleg blitt flott der nede, og endå er me ikkje ferdige med innreiinga :)





*I Skaparverkstaden*

## Verksemder

**Kviteseid utlånsentral / BUA** fekk tilbod om å få store mengder med alpinutstyr frå Hovden skiutleige. Gjengen på Kvito har gjort ein skikkeleg innsats med å hente og sortere alt saman, og fleire utlånsentralar og folkehøgskular i regionen har kome og henta av skiutstyret. Øvre Telemark Samdistribusjon AS (ØTS) bidrog nok ein gong med rimeleg transport for oss på dette. Elles har me, med midlar frå Bufdir og Sparebanken Sør, handla inn verktøy og ein bod som skal bidra på tilgjengelegheita, så folk kan hente og levere utstyr via boden utanom opningstidene. Når det er sagt, så har frivilligsentralen og kommunen vore i ein prosess der me vurderer alternative stader å ha utlånsentralen. Det er fleire grunner til det, men ting er ikkje landa endå. Frivilligsentralen og Kvito har også jobba med å få på plass ein skriftleg kontrakt med Frivilligsentralen som oppdragsgjevar og Kvito som oppdragstakar. Dette har heller ikkje kome i hamn per no.



**Bruktbutikken Omatt** har no vore i drift i halvanna år. Det har vore noko utskifting av ukrainarane som driftar butikken, men ei som heiter Tatiana har vore der heile vegen. Nokon har også vore (og er) på arbeidstrening, der me har ei avtale med NAV for dei. Elles ser me at bruktbutikken ikkje heilt oppnår sitt potensiale per no. Både med tanke på omsetning av varer, der det kjem meir *inn* enn *ut* av butikken, men også når det gjeld språktreninga. Me har i 2025 vore i prosess med å få på plass eit nytt styre for bruktbutikken, som kan ta tak i alt dette. Eit engasjert styre er på plass og har mange spennande tankar og idear for utviklinga av butikken, men det må landast nokon andre nødvendigheter før me kan ta neste steg.



Faste tilbod som frivilligsentralen er (med)arrangør av:

- **Babysong** på Misjonshuset er eit samarbeid mellom kyrkja og Frivilligsentralen. Cecilie har i år igjen bidratt på å halde tilbodet om babysong kvar torsdag oppe. I tillegg til ho er det to frivillige som også har hatt ansvar for songdelen. Åsa Wendel ordnar trufast med lunsj og rigging, og mange småbarn og foreldre har deltatt på dette opp igjennom.



- **Aktivitet på KOS** var eit nytt tilbod i år med Randi Jopperud og eit par- tre frivillige. Det har gått mest i song og føredrag, då høgtlesing kunne ha ein søvndyssande effekt..



- **Gratis skibuss** frå Seljord til Vrådal Panorama har fortsett i år, takka vere midlar får Gjensidigestiftelsen. Det var ein lang skisesong, og tilbodet var veldig populært. Bussen er stadig full seiast det!



- **Bingo** på Sundvang. Ja endeleg vart det starta opp at igjen! Fleire eldre har ynskt seg det, og me fekk moglegheita til å søkje på midlar frå Norges Frivilligsentraler som me kunne bidra med inn til dette som ein oppstartskapital. Elles har Sundvang hatt ansvar for gjennomføringa slik som tidlegare. Det har vore mellom 30-60 deltakarar på bingoen, som har vore kvar torsdag kveld.



- **Kaffi & Prat** starta opp som eit nytt tilbod på seinhausten i dei nye bibliotekslokala. Kvar måndag frå 13-15 er det ei open, sosial samling der. Det har vore godt oppmøte jamt over, med 5-20 folk. Krodikk dagsenter med Lundenjordet kjem som regel også. Ofte tek nokon med seg noko kake og liknande som dei deler med dei andre.



- **Bygdekinoen** har hatt filmframsyning kvar fjerde tysdag heile året, for utanom sommaren. Det har vore ganske bra oppmøte, men det er avhengig av kva for filmar som går. Me har eit godt samarbeid med NC Spectrum og Bygdekinoen, og har fleire frivillige som bidreg utover kvelden med kiosksal og opprydding. Desse er me svært takknemlege for at bidreg, og dei er viktige for å kunne halde fram med tilbodet. Kan også nemnast at me har hatt god nytte av midlane me fekk frå Sparebanken Sør til å dekkje utgiftene for bygdekinoen, både i fjor og i år.



- **Øpen hall** har fortsett som eit godt etablert fritidstilbod annakvar fredag. På Øpen hall kan ungdomane drive med aktivitet i hallen, game på E-sportrommet, spile på instrument på musikkromma eller skote på skjotebanen. Skyttarlaget stiller trufast opp i deira innesesong. Det har gått litt ned på kiosksalet, kanskje grunna høgare matprisar. Då er det fint at me alltid har gratis grønsaker og dip. Det har generelt vore god deltaking med opp mot 40 ungdomar tilstades. Elles har nokre av dei trufaste, eldre frivillige måtte trappe ned, og me har hatt problem med å få tak i vaksne til å bidra. Me har heldigvis

med elevteam frå Kvitsund som har sin kristendomspraksis der, ved å arbeide i både kiosk og ute i miljøet. Det er flott med kvitsundelevene, dei engasjerer ungdommane på ein god måte, dei har hatt nokre konkurransar og satt i gang aktivitetar som engasjerer mange.



- **Fredagsdiscoen** er jamt over eit populært tilbod for menneske med nedsett funksjonsevne annakvar månad. Det har kome deltakarar frå heile Vest-Telemark og Drangedal, og mange frivillige bidreg trufast kvar gong. Her er det også eit Kvitsund team som er med. På fredagsdisco har me fast musikk, dans, karaoke, loddosal og kiosk, og av og til andre aktivitetar òg.




- **Barnedisco** har me hatt tre gonger dette året. Det har vore veldig moro og bra kvar gong, med mange barn som kosar seg. Det er eit gratis arrangement med musikk, discolys, danseleiker og gratis kiosk. Dessverre har me måtte avlyse ein gong grunna for få frivillige til å bidra, og me har skjønt at me må koordinere det med Kvitsund så me veit at me får me eit elevteam derfrå.
- **Leik og moro med Lundenjordet** har vore litt færre gonger dette året, og blei satt heilt på pause utpå seinhausten til fordel for Kaffi & Prat som dei heller reiser på no. På leik og moro har me har kasta og trilla ball, hatt quiz og anna hjernetrim, bygd med klossar, leika kims leik, og hatt masse song.



- **Språkkaféen** er framleis kvar månad på Misjonshuset, no med Marit Sørby som hovudansvarleg. Frivilligsentralen dekker utgiftene til maten og ordnar med PR og ev. andre innkjøp. Det har vore godt oppmøte og ein flott arena for å bli kjend. Marit har laga rundstykke og suppe til kvar gong, slik at alle som kjem får eit gratis måltid. Det møter ein stor gjeng med faste besøkande, både norsktalande og ikkje.



- **Stolpejakten:** Me har no hatt stolpejakten som aktivitet og tilbod i Kviteseid kommune seks år på rad. Me opplever det som ein glede å kunne vise fram kommunen vår til både lokalfolk og turistar, og me er stolte av å ha så mykje historisk informasjon på stolpane våre. 2428 stolpejegarar har vore på jakt i kommunen i 2025 (mot 1279 i fjor), og dette året prøvde me igjen med eit vellykka kunstkart. Det fungerte slik at stolpene var plassert ca. der kunstnaren kan ha stått og teikna/måla motivet sitt. Når ein så scanna stolpa fekk ein opp både tekst og sjølv kunstverket, slik at ein kunne samanlikne naturen då med no. Dette prosjektet fekk me kulturmidlar til frå Fylkeskommunen for nokre år siden.  
Elles er det beste me stolpejakten i Kviteseid at me har så mange engasjerte frivillige som bidreg og gjer dette mogleg. Så ein stor takk til dykk! Me vil også nemne fleire som er med å sponse stolpejakten i kommunen vår; Kviteseid idrettslag, Morgedal idrettslag, Kviteseid kommune, Vrådal elektro, Vrådal suvenir, Vrådal Dagligvare AS, Vrådal idrettslag, Vrådal sanitetslag, Vrådal golfklubb og Vrådal Vel.



- **Sjakkborda:** Me fekk tre sjakkbord til kommunen for nokre år sidan, via Sjakk & Samfunn som søkte midlar frå Gjensidige. Benkane står i sentrum, i Morgedal og på Kviteseid skule. Me kan sei litt om korleis det har gått med sjakkbenken i Kviteseid sentrum dette året; og det er veldig bra! Takka vere trufaste Arne Åsen som kvar soldag heile sommarhalvåret tok sjakkbrikkene ut og inn, har sjakkbenken blitt mykje bruka. Fleire har sett at folk stadig har satt seg ned for å spile. Så det er hyggeleg!



#### Enkeltarrangement:

- **Skøytedisco :** Så var det Kviteseidmarken og nok ein gong skøytedisco fredags kveld! Igjen kom det massevis av store og små for å delta. Det var discolys, musikk, fyrverkeri og kiosk. Fleire frivillige gjer ein kjempejobb og bidreg til at både is, lys, musikk og mat kjem på plass.



- **Loppemarknad i Kviteseidbyen:** dette året hadde me endeleg loppemarknad igjen! Nok ein gong var det stor suksess med fleire hundre tilstade og mange som solgte både brukte og heimelaga ting. Det var ein blanding av privatfolk, lokale småskalaprodusentar og med eit eige område for borna. Me hadde sikra at det også var nok mat å få kjøpt denne gongen, både frå Bryggekafeen, Waldenstrøm og privatfolk som solgte mat.



- **Galantkonsert i Morgedal:** i juni inviterte me eldre og andre interesserte til konsert i barområdet på Morgedal hotell. Fire musikarar frå Vest-Telemark tok oss gjennom kvelden med 70-talet på repertoaret, med både humor og dyktig musikk. I tillegg fekk dei som ynskte ei omvising av det nye SPA-området, og det var kaffi og rundstykke å få, og trekning av eit gåvekort på SPA sponsa av hotellet. Også her har me midlar frå Gjensidigestiftelsen til honorar og husleige.



- **Flyt og Flow under Victoriafestivalen:** dette blei eit bra opplegg for ungdomane både i sentrum og ved Kviteseidhallen. Det var godt oppmøte av ungdomar og frivillige vaksne. I sentrum spelte me volleyball, kubbe og hang bak båten i tube/ring. Etterpå drog me til den nye pumptracken med diverse skateutstyr frå Utlånsentralen, og fleire spela fotball.



- **Seinsommarpiknik på Bygdetunet:**

Me har arrangert dette før, men var då uheldige med vêret. Men denne gongen fekk me sol, og ein god gjeng vaksne og born tok turen for felles pikning og hageleik ute i sola på Bygdetunet i august. Det var ikkje det største oppmøtet, så me får sjå om det blir reprise eller ei.



- **ALLEMED:** Kommunen og Frivilligsentralen fekk en mail med invitasjon til å søkje om å få vere med i ALLEMED-programmet. ALLEMED er eit gratis verktøy utvikla for å auke medvit om fattigdom og utanforskap blant barn og unge, og for å sikre inkluderande arbeid for å få alle med. Me søkte og blei valt ut som ein av femten kommunar dette året. Det blei oppretta ei arbeidsgruppe for dette, som bestod av Cecilie frå Frivilligsentralen og tre stykk frå kommuneadministrasjonen. Det var ein lærerik kartleggings- og planleggingsfase saman med ein veileder frå ALLEMED, og det heile bunna ut i den store «ALLEMED-Dugnaden» på hausten. Fyrst var det ein eigen dugnad med eit utvida elevråd på skulen, slik at dei unges tankar og innspel kunne tas med på møtet seinare på kvelden. Utruleg bra og reflektert gjeng på skulen, må me få seie! På kveldsdugnaden var det godt oppmøte med folk frå ulike lag, foreiningar, menigheiter, skulen, foreldre og andre som jobbar med barn og unge. Ho frå ALLEMED veileda oss gjennom kvelden, der me hadde ulike caser, kartla barrierer for at alle får delta på fritidsaktiviteter i kommunen vår, og idémyldra om ulike løysingar. Til slutt blei me einige om to tiltak som me ynskte å jobbe vidare med komande år, og begge fekk kvar sin arbeidsgruppe for det. Det eine tiltaket var å arrangere eit «omvendt foreldremøte», der elevane sjølv er arrangørar av møtet. Temaet vil vere fritidsaktiviteter, kjente

barrierer, løysingar, fordelene ved å delta, foreldrenes rolle og kva borna treng av dei. Det andre tiltaket var å arrangere ei aktivitetsmesse der alle tilbod i kommunen vert presentert, både i skuletida men også på ettermiddagen så foreldre og andre kan kome. Begge delane skal gjennomførast i 2026.



- **Middag for eldre:** dette året har me kunnnet ha to «Galantmiddag» på grunn av midlar me har fått frå Gjensidigestiftelsen. Som tidlegare var det godt oppmøte og nydeleg mat på Straand hotell. Under vårens middag hadde me fiolin- og sanginnslag av Luda frå Ukraina. Og under haustens middag fekk me

oppleve ein gripande førestelning om Terje Vigen med Hans Jacob Sand som skodespelar og Symre Bang på gitar.



- **Joleverkstad i Vrådal:** Me har lenge vurdert å arrangere ein joleverkstad, men har ikkje villet konkurrere med adventsverkstaden på Fredheim. Til tross for fullt hus på adventsverkstaden, ser me at det er fleire som ikkje kjem dit, og at det kan vere rom for eit ekstra tilbod. Så me har søkt og fått midlar til dette frå Gjensidige, og landa på å arrangere det på grendehuset i Vrådal dette året. Det blei veldig bra, med mange deltakarar og fleire frivillige som bidrog. Ein kunne få seg mat å eta, og det var fleire ulike aktivitetar å prøve seg på. Det var ein overvekt av vrådølinger blant deltakarane og fleire av dei frivillige. Og

så var det veldig triveleg at nokre damer frå Ukraina hadde ansvar for kvar sine aktivitetar, og dei uttrykte kor takknemlege dei var for å kunne bidra med dette for borna.



- **Underhaldning på KOS sitt jolebord:** KOS tok kontakt med oss om me kunne ordne med musikk til maten. Marianne tok kontakt med ein musiker ho kjenner i Vrådal, Vasil, som gladeleg stilte opp og gjennomførte ein slags «ynskjekonsert» for dei eldre. Det gjekk i kjente slagarar frå mellom anna Elvis og Tina Turner.



Jobbsamlingar me har vore på:

På våren var både Cecilie og Randi på Fagkonferansen på Gardermoen, og på hausten var Cecilie vikar for nettverksleiaren i Øvre Telemark og stilte på Nettverkslederkonferansen, også på Gardermoen. Som alltid er desse samlingane lærerike, inspirerende og sosiale. Det er flott å kunne treffe kollegaer frå landet rundt!



Godkjende søknadar om stønad:

- **Bufdir** innvilga eit treårig tilskot til utlånssentralen frå 2023, og i 2025 fekk me 63 000kr frå Bufdir.
- **Sparebanken Norge (Sør)** innvilga ein søknad frå Frivilligsentralen på vegne av Krodokk Dagsenter. 25000kr kunne me gi vidare til dagsenteret, der midlane var tenkt til hobbymateriell og diverse hyggelege opplevingar for brukarane.
- **Aktivitetsmidlar frå Norges Frivilligsentraler:** Me søkte og fekk innvilga 8800kr frå ordninga «Aldersvennlig frivillighet og lavterskel møteplasser for eldre», Me drøfta det så med dei eldre frivillige knytt til oss kva me skulle

bruke midlane på, og dei ynskte at dei blei bruka på å kome i gong med bingoen att.

- **Frifondmidlar til nytt teatertilbod:** Marianne har vore med i teater då ho budde i Nederland. Me tenkte det var ein flott moglegheit å sjå om me kunne bidra til eit teatertilbod i kommunen, og søkte derfor om oppstartsmidlar på 50 000kr til dette frå LNU Frifond. Dette fekk me innvilga. Så har me vore i kontakt med kulturskulen, og Marianne har fått ei prosjektstilling hjå dei som «teatersjef». Teateret startar opp vinteren 2026, som eit samarbeid mellom Frivilligsentralen og Kulturskulen.

Og med det seier me takk for året 2025! Håpar det var gledeleg lesing :)

Årsrapporten er skriven av dagleg leiar,  
Cecilie Austjore-Hosum